



# ROVVILTNEMNDA I REGION 1

## Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda region 1 (epost)

Dykkar ref:                      Vår ref.:                      Arkivnr.:                      Dato:  
2013/886                      433.52                      12.06.2013

### Protokoll frå møte i rovviltnemnda 29.05.2013

Rovviltnemnda region 1 møtte på Statens hus i Bergen 29.05.2013. Noralv Distad, Oddny Omdal, Marit Barsnes Krogsæter og Bente Bondhus møtte for nemnda. Frå sekretariatet møtte Anders Braa. Rein Arne Golf frå SNO var invitert til innlegg under sak 5/13.

Før ordinært møte hadde Geir Totland frå Hordaland bondelag innlegg til nemnda. Han la vekt på at ein måtte vidareføre ordninga med kvoteavgrensa felling på gaupe og jerv, jf sak 7/13. Nemnda fekk og kopi av innspel frå Rogaland sau og geit til dete møtet.

Protokollen blir lagt ut på vår heimeside, [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland).

#### Sak 05/13: Orientering om bestandstatus for rovviltartane før beitesesongen

Rein Arne Golf orienterte om status i regionen. Det er ikkje endringar i høve til saksframlegget, men Golf gav ein god oversikt og vurdering av tilstanden slik den har vore i den seinare tida.

#### Sak 06/13: Vedtak om kvote for betinga skadefelling av bjørn, ulv, gaupe og jerv i perioden 1.06.2013 – 15.02.2014

Vedtaket blir sendt ut som eigen sak.

#### Sak 07/13: Forslag om kvotefri felling av gaupe og jerv i regionar utan forvaltingsmål

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sendte innspel til nemnda i denne saken. Han spør om forslaget kan føre til at det blir tatt ut færre jerv enn naudsynt for å halde beiteområda tilnærma utan risiko for jervskade, og anbefalar at ei endring av rovviltforskrifta først blir diskutert med DN.

Postadresse:  
Rovviltnemnda i region 1  
c/o Fylkesmannen i Rogaland  
Miljøvernavingdelinga  
Postboks 59  
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:  
Noralv Distad  
Postboks 53, 5741 Aurland  
Telefon: 91374976  
noralv.distad@sfj.no  
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:  
Anders T. Braa, viltforvaltar  
Telefon: 51568914  
[anders.braa@fmro.no](mailto:anders.braa@fmro.no)

Bondelaga i Sogn og Fjordane og Hordaland har uttalt seg negativt til forslaget med henvising til at kvotefri lisensfelling av jerv ikkje gjev restkvote. Dei meiner DN er forplikta til å ta ut restkvoten som ekstarordinære uttak, jf rovviltforliket frå 2011.

Rovviltnemnda vil ikkje gå inn for forslaget slik det er no.

### **Sak 08/13: Ymse orienteringar**

Bondelaget i Sogn og Fjordane har 22.05 i år påklagd DN sitt avslag på søknad om ekstraordinær felling av jerv i Sogn. MD handsamar klagen.

MD har avgjort klage frå bondelaga i Aust-Agder, Vest-Agder og Telemark på DN sitt vedtak om ikkje å iverksette ekstraordinært uttak av ulv i Agder og Telemark. MD opprettholder DN sitt vedtak.

Nemnda diskuterte kva form dialogen med DN om behov for ekstraordinære uttak bør ha. Møtet vedtok å gje leiar og nestleiar mandat til å uttale seg på vegne av nemnda til DN.

Nemnda var og opptatt av å finne formar for samarbeid med naboregionar, ikkje minst region 3. Dette bør gjerast tydeleg i revidert forvaltingsplan. DN inviterast til neste møte i nemnda for å vegleie om forvaltning av bestandar på tvers av regiongrenser.

Med helsing

Noralv Distad  
leiar for rovviltnemnda

Kopi pr epost:

Fylkesmennene i Vest-Agder, Hordaland og Sogn og Fjordane  
SNO v/Rein Arne Golf  
Mattilsynet, regionavdelingar i region 1  
Direktoratet for naturforvaltning